



DEN NORSKE KYRKJA Bjerkreim sokneråd

Postboks 38, Nesjane 5
4384 Vikeså
Tlf: 51201198

Barne- og Familiedepartementet
v/ Martin Hill Oppegaard
Postboks 8036, DEP
0030 OSLO

Vikeså 08.10.2020
Vår sakshandsamar: AE
Vår ref.: 20/00017-002
Arkivkode: 000

Høyringsuttale frå Bjerkreim sokneråd - Ny forskrift om økonomiforvaltinga i sokn i Den norske kyrkja.

Uttale til del 2 - Utkast til forskrift.

Bjerkreim sokneråd (eit-sokns kommune) meiner det er svært viktig at kommunale økonomi- og rekneskapsprinsipp framleis skal gjelda for den lokale kyrkja. Kommune og sokn har tette band og desse gode banda ønskjer vi å halda på. God dialog og samhandling mellom kommune og kyrkje er avgjerande for godt samarbeid, forståing og verdsetjing av lokalkyrkjelege tiltak i nærmiljøet. Det gjeld også det økonomiske.

Soknerådet er glade for den nye trusamfunnslova fører vidare at kommunane skal finansiera storparten av den lokale kyrkja. Derfor bør forskrift om økonomiforvalting byggja på kommunale økonomi- og rekneskapsprinsipp.

Mange felleusråd har rekneskapsføring som tenesteyting frå kommunen. Det er derfor avgjerande at kommunale rekneskapsprinsipp blir vidareført. Kjøp av rekneskapsføring frå kommunen er den beste og minst kostnadskrevjande løysinga for både sokn og kommune.

I dei fleste kommunane vil gravplassforvaltinga også i framtida, bli ivareteke av den lokale kyrkja og finansiert av kommunen. Rekneskapsføring og rapportering vil syna kva som går til gravplassføremål og kva for utgifter som gjeld andre kyrkjelege føremål.

Del 3 - Alternative fristar og – arbeidsfordeling.

Dagens fristar for framlegging av rekneskap og årsmelding, er ofte vanskelege å halda. Derfor støttar soknerådet forslaget til forlenging av fristane.

Soknerådet støttar også at administrativ leiar kan fastsetja rekneskapen og årsmeldinga. Det samsvarar med kommunen sine føresegner. Soknerådet ser det som stor ein fordel at rekneskapen blir framlagt og behandla i rådet etter at revisjonsmeldinga føreligg.

Del 4 – Neste etappe.

Kommunen løyver storparten av midlane til den lokale kyrkja. Samarbeidet er godt, tett og nært. Økonomiforvalting og rekneskapsføring ser ein ikkje på som intern organisering av kyrkja. Regelverk for økonomiforvalting har stor betyding for kommunen, rekneskapsførar og revisor.

Derfor meiner soknerådet at regelverket for økonomiforvaltinga, bør fastsetjast av departementet og ikkje Kyrkjemøtet. Det vil også understreka det offentlege finansielle ansvaret av kyrkja.

Venleg helsing

A handwritten signature in dark ink, appearing to read 'Arnfred Espeland'. The signature is fluid and cursive, with the first name 'Arnfred' and the last name 'Espeland' clearly distinguishable.

Arnfred Espeland
Kyrkjevevje i Bjerkreim
Tlf 51201198